

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/8192-1

## Møteplan kontrollutvalet 2017

### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Møteplan for kontrollutvalet 2017:

Tysdag	7. februar
Tysdag	28. mars
Torsdag	11. mai
Tysdag	30. mai
Tysdag	29. august
Tysdag	26. september
Tysdag	21. november

#### Vedlegg:

- Møte- og aktivitetsplan 2017 for kontrollutvalet
- Saksprotokoll FU-sak 103/16

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Møteplan for møta i kontrollutvalet vert sett opp etter å ha teke omsyn til møte i andre politiske fora i fylkeskommunen, og då spesielt fylkestinget sine møte. Møteplan 2017 for fylkesting, fylkesutval og finansutval i tillegg til politikardagar vart vedteke av fylkesutvalet 17. oktober i FU-sak 103/16. I vedtaket vart det bestemt slik plan for møta i fylkestinget:

- 26. april (Dette tingsetet vert gjennomført dersom det er nok saker)
- 13. og 14. juni
- 17. oktober
- 5. og 6. desember

Det er også viktig å unngå å ha kontrollutvalsmøte same dagane som det er fylkesutvalsmøte.

Det er utarbeidd ein møte- og aktivitetsplan for kontrollutvalet, som er vedlagt denne saka. Møte- og aktivitetsplanen inneheld andre aktivitetar som utvalet sine medlemmar vanlegvis deltek i, men i denne saka er det møteplanen for kontrollutvalsmøta som skal handsamast. Møte- og aktivitetsplanen vart sendt medlemmane i kontrollutvalet 31. oktober slik at medlemmane i utvalt fekk mogelegheit til å kome med innspel om datoane som var sett opp. 11. november var det ikkje kome inn kommentarar på denne planen.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Erfaring frå 2016 viser at tysdag er ein god møtedag. Det er i planen føreslege tysdagar, med unntak av møte 11. mai som er ein torsdag.

Det er fastlagt to politikardagar i 2017. Det er lagt opp til å gjennomføre kontrollutvalsmøte dagen etter politikardagane, då det har vore vanleg praksis at medlemmane i kontrollutvalet har deleteke på desse. Oppmøte på politikardagane er teke omsyn til i budsjett for 2017.

Det er for 2017 sett opp 7 møte i kontrollutvalet, slik det var i 2016. Dette er eit av innsparingstiltaka som kontrollutvalet vedtok i KU-sak 59/14. Det er sjølvsagt mogeleg for kontrollutvalet å gjennomføre ekstramøte utover møta i møteplanen dersom det skulle dukke opp situasjonar som tilseier behov for det.

## **3. Konklusjon**

Kontrollsjef håper at medlemmane i utvalet, med opplegget som er skissert i denne saka, vil få eit godt grunnlag til å ta det ansvaret og gjennomføre dei kontrolloppgåvene som høyrer inn under vervet som medlem i kontrollutvalet for Sogn og Fjordane fylkeskommune.